## *Lettgått og familievenleg*

Alt på parkeringa på Bosset vert du møtt av ei framifrå utsikt. Den kortaste vegen til Buhovdnatten går i eit lettgått terreng mellom små tjørn og myr. Dersom du ynskjer meir utsikt undervegs kan du gå om nokre av småtoppane i området. Til dømes Grøthovda eller Svarthammarnatten, alle godt merka.

Frå toppen av Buhovdnatten ser du mykje av Veståsen med sine mange vatn og myrar. Heimatt kan du gå same vegen, eller om Bolfjell, Steinstølen og Dyna. Då vert det ein langtur.

Køyr opp Vestlia frå Ål stasjon, og fylg vegen til Bosset (ca 11 km frå Ål stasjon). Bomveg.

100 m etter Bossetvegen 611.

7 km t/r. 1060 - 1158 moh.

100 m gamal, fin steinmur, som startar frå 50 m etter parkeringa.

Lett tur med flott utsikt.



Foto: Simen Bjerke




**For meir detaljert kart:** *Tur- og sykkelkart Ål/Gol/Hemsedal 1:60 000.*